

# ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2004

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Viltforvaltning
  - 2.1 Villreinforvaltning
  - 2.2 Småviltforvaltning
3. Fiskeforvaltning
  - 3.1 Fiskeutsetting
  - 3.2 Prøvefiskeresultat
  - 3.3 Garnfiskestatistikk
  - 3.4 Kalking
  - 3.5 Anna fiskekultivering
4. Fjellstyrehyttene
  - 4.1 Hyttestyret
5. Beiteleiga
6. Anna

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2003 og 2004 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2003	2004	UTGIFTER, DRIFT	2003	2004
Salsinntekt	431 917	506 741	Lønskostnader	34 989	43 141
Anna driftsinntekt	15 040	15 699	Avskrivningar	2 350	2 350
Renteinntekt	107 868	48 524	Anna driftskostnad	305 510	327 323
Årsresultat	223 229	198 134			
Bankinnskott	2 491 050	2 413 026			

Inntektene:

- Inntektsnivået er stabilt. Auken skuldast eit tilskott frå Eidfjord kommune til traktorslepene det var gløymd sendt krav på i 2002.
- Største inntektspostane er sal av småviltjakt, fiske, reguleringserstatningar og festeinntekter. I 2004 var det ikkje inntekt frå villreinjakt.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, medlemskap i Norges Fjellstyresamband og tilskott til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda.
- Andre faste kostnader er lønskostnader som omfattar styrehonorar. Nytt fjellstyre medfører ekstra kostnad til opplæring og kursing.
- Vedlikehald av fjellstyrehyttene og fiskekultivering er årlege kostnader.
- Bygging av uthus og påbygg i Viersla er ein stor kostnad fjellstyret har teke i 2004.

Årsresultat:

- Kr 60 000 i reduserte renteinntekter som følgje av lågare innskotsrenter og noko høgare driftskostnader er forklaring til eit lågare årsresultat for 2004.

## 2. Viltforvaltning

### 2.1 Villreinforvaltning

Eit stor fleirtal av rettshavarane på Hardangervidda ynskja freding. Villreinutvalet fremja forslag om freding, villreinnemnda samtykte. Klage frå vald i Telemark førde ikkje fram.

### 2.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser jegerpresset målt i jegerdagar pr. km<sup>2</sup> på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km<sup>2</sup> er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma. Fjellstyret veit ikkje om jaktpresset på sikt medfører ei nedgang i rypestamma.

Småviltområde	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
<b>Område 1</b>											
rype/jegar	9,8	4,6	9,5	7,0	9,2	6,0	3,3	6,7	3,3	3,3	7,5
jegardøgn/km <sup>2</sup>	0,9		1,2	0,7	0,2	0,4	0,7	0,5	0,6	0,8	2,9

<b>Område 2</b>												
rype/jegar	9,0	3,1	5,6	5,2	10,3	6,2	3,3	8,5	7,8	2,0	3,5	
jegardøgn/km <sup>2</sup>	1,6		1,3	0,9	0,3	1,7	0,9	0,9	0,4	1,1	1,6	
<b>Område 3</b>												
rype/jegar	3,8	1,9	4,1	3,9	5,8	3,7	4,1	4,4	5,5	2,0	3,3	
jegardøgn/km <sup>2</sup>	2,2		1,9	1,5	0,5	1,3	0,6	1,5	1,5	1,4	1,7	

### 3. Fiskeforvaltning

Fiskeforvaltninga har omfatta fylgjande område:

#### 3.1 Fiskeutsetting

Til saman var det sett ut 6 000 setjefisk pluss 142 villfisk fordelt på fylgjande vatn og tjørn:

Langavatnet 0	Tinnhølen 142		
Nordvatnet 0	Lakjen 0	Heisanntjørn 2 000	Nordmannslågen 4 000

Villfisk som var slept i Tinnhølen vart fiska med elektrisk fiskeapparat i Svinto i Bjoreidalen. Fisker vart frakta i poser med oksygen til Tinnhølen.


#### 3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2004;  
Svortetjørn, Øvre Skardtjørn, Skardtjørn, Svartavatnet og Svartavasstjørn.

Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:

##### Svortetjørn

- Vasskvaliteten er god.
- Prosentvis fordeling av fangsten på lengdegrupper følgjer i tabellen under:




##### Konklusjon/tiltak

- Tjørnet er mellom dei tjørna som var vurdert å vera reservelokalitet for finprikkauren. Det er dokumentert naturleg rekruttering i tjørnet. Det er og registrert at den utsette finprikkauren har delteke i gytinga.
- Det er ikkje naudsynt med utsetjingar i tjørnet.
- Fordeling av lengdegrupper frå prøvefiske er ikkje direkte samanliknbart pga at det er nytta ulike prøvegarnserier, i 2004 vart det fanga meir småfisk.

##### Øvre Skardtjørn

- Prosentvis fordeling av fangsten på lengdegrupper viser følgjande fordeling:




Tiltak/konklusjon:

- Tjønet bør sjåast i samanheng med Skardtjønn.
- Kondisjonen på fisken er gått tilbake frå sist prøvefiske, dette skuldast mindre del gyttarar og mindre gjennomsnittstorleik.
- Delen fisk med raud kjøtfarge er auka.
- Fangsten tyder på ein tett stamme i tjønet.
- Tynningsfiske på lengdegruppene frå 20-25 cm kan betre kvalitet og gjennomsnittstorleik.

Skardtjønn


- Prosentvis fordeling av fangsten på lengdegrupper viser følgjande fordeling:



Tiltak/konklusjon:


- Tjønet bør sjåast i samanheng med Skardtjønn.
- Kondisjonen på fisken er gått tilbake frå sist prøvefiske, dette skuldast mindre del gyttarar og mindre gjennomsnittstorleik.
- Delen fisk med raud kjøtfarge er auka.
- Fangsten tyder på ein tett stamme i tjønet.
- Tynningsfiske på lengdegruppene frå 20-25 cm kan betre kvalitet og gjennomsnittstorleik.

## Svartavatnet



Lengdefordeling i Svartavatnet bygger på ein Jensen-serie. Prøvefiske viser tilfredsstillende rekruttering og behov for å hauste vatnet for å oppretthalde kvaliteten.


## Svartavasstjørn




Bestanden i Svartavasstjørn er svært tett og den treng tynning. Det er vanskeleg å bygge opp stamma av marflo og skjoldkreps med så mykje fisk i vatnet. Interesse for fiske vert og låg med dårleg fiskekvalitet.

## 3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette for fullt i 2004. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og døme med utviklinga av pH for utløpet av Svartavasstjørn viser stabil og god effekt av kalking.




Utviklinga i referansevassdraget (Langasteintjørn som ikkje er kalka) og Drageidfjorden er og positiv. Drageidfjorden er indirekte påverka av kalkinga i vassdraget ovanfor. Verdiane i referansevassdraget speglar den generelle nedgangen i sur nedbør.



### 3.5 Anna fiskekultivering

Det er ikkje registrert sprenging av ørekyte. Utanom elfiskekontroll er det kontrollert med ruser i tjørn aust for Stigstuv, Hætjørn og Slaktetjørn. I Hætjørn finst ørekyta, her vart det teken ut om lag 250 ørekyte.

Garnfiskestatistikken vart utførleg referert i jolenummeret til Eidfjord Nytt og vert difor kort oppsummert her.



Til saman var det 104 som hadde løyst garnfiskekort og deltok i fiske. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

### 4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje verta reservert, bruken kan verta dokumentert gjennom hytteboka. Fleire utanbygdsbuande har ”oppdaga” det tilbodet fjellstyrehyttene representerer og utleige til desse har auka, dette gjeld spesielt i småviltjakta.

Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet ”persondøgn” og er rekna som overnatting for ein person i eit døgn i statistikken under.

<u>Hytte</u>	<u>Persondøgn i 2003</u>	<u>Persondøgn i 2004</u>
Gamla Sandhaug	4	3
Tinnhølen	80	56
Krobu	50	29
Stigstuv	0	4
Viersla	4	0
Langavasshadle	49	16

#### 4.1 Hyttestyret

Nytt hyttestyre vart vald for 2004-2007, medlemne er; Leidulf Garen, leiar, Liv Myklatun, sekretær og Tom Karsten Garen. Av ”faste” oppgåver har det vorte utført:

- Rundvask på alle hytter med bruk av Ung i arbeid
- Ved utkøyrt til alle hytter
- Gass utkøyrt til dei hytter som trong det

**Krobu :** Oppsynet utførte arbeidet med å skifta glas, utvida gangen og forlenga køyene. Hytta er no god til vinterbruk.

**Viersla:** Hovudhytta er påbygd 1 m i austenden og ominnreia. I tillegg er det sett opp eit uthus på 25 m<sup>2</sup>. Snikkar Einar Børve har utført byggjearbeidet. Det gjenstår litt arbeid samt at deler av ramma på hytta må skiftast sidan denne er røten.

**Gamla Sandhaug:** Hyttestyret er i gang med å planleggja ny hytte som erstatning for helikopterbrakka. I tillegg er eine hjørnet på Førarbuia i ferd med å gli ut og må murast opp att.

#### 5. Beiteleiga

Beiteleiga med Halne beitelag er forlenga til 2007, samstundes er det gjeven klar melding at det ikkje vert høve til forlenging av beiteleiga. Fjellstyret meiner beitelaget innan 2007 skal finna alternative beite.

#### 6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver i tråd med vedteke budsjett og i samarbeid med hyttestyret for det arbeidet som gjeld fjellstyrehyttene.
- Utbetring av kryssinga av Bjoreio ved Fossane er utført av Kvamsdal graveservice. Som ei prøveordning vert det lagt ut vadestokkar på både sider for folk å hjelpa seg med ved kryssinga. Etter nærare vurdering vart det vedteke ikkje å flytta parkeringsplassen.

Eidfjord fjellstyre

Aslak Myrvang

Liv Myklatun

Halldis M. Riber

Tom Karsten Garen

Leidulf Garen

Olav H. Eidnes

Helga Ø. Opedal